

Heidi Kristin Reppen

Bruk av folkebibliotek 1998

Rapporter

I denne serien publiserast statistiske analysar, metode- og modellframstillingar frå dei enkelte forskings- og statistikkområde. Også resultat av ulike enkeltundersøkingar publiserast her, oftast med utfyllande kommentarar og analysar.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, oktober 1998

Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4586-9

ISSN 0806-2056

Emnegruppe

07.01

Emneord

Folkebibliotek

Bibliotekbruk

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tall kan ikke forekomme	Category not applicable	.
Oppgave mangler	Data not available	..
Oppgave mangler foreløpig	Data not yet available	...
Tall kan ikke offentliggjøres	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0,0
Foreløpige tall	Provisional or preliminary figure	*
Brudd i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brudd i den vannrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Rettet siden forrige utgave	Revised since the previous issue	r

Samandrag

Heidi Kristin Reppen

Bruk av folkebibliotek 1998

Rapporter 98/19 • Statistisk sentralbyrå 1998

I denne rapporten legg Statistisk sentralbyrå fram hovudresultata frå ei landsomfattande undersøking om bruk av folkebibliotek. Datainnsamlinga vart gjennomført i mai, juni og juli 1998. Undersøkinga er gjennomført på oppdrag frå Statens bibliotektilsyn.

Undersøkinga viser at nærare halvparten av befolkninga har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene. Av desse har ein tredjedel besøkt biblioteket så hyppig som 10 gonger eller meir i løpet av perioden.

Dei fleste synest det er svært eller nokså viktig med eit godt folkebibliotek i kommunen, og ønskjer seg eit stort og sentralt folkebibliotek framfor eit lite og nært.

Bibliotekbrukarane er stort sett svært nøgde med folkebiblioteket sitt tilbod, men dersom ekstramidlar skal fordelast på biblioteket, er det størst oppslutnad blant brukarane om å kjøpe inn fleire bøker, aviser og tidsskrift, så vel som å betre datatilbodet.

Samanlikningar med resultat frå ei tilsvarande undersøking i 1988 viser at bibliotekbruken er stabil, men at brukarane i dag er langt meir nøgde med biblioteket sitt tilbod enn brukarane var for 10 år sidan.

Emneord: Folkebibliotek, bibliotekbruk.

Prosjektstøtte: Statens bibliotektilsyn.

Innhald

Figurregister	6
Tabellregister	7
Innleiing	9
1. Besøk i folkebiblioteket	12
1.1. Tidspunkt for siste bibliotekbesøk	12
1.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane?	12
2. Bibliotekbrukarane sin bruk av ulike tenester på folkebiblioteket dei siste 12 månadene	17
3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til folkebiblioteket	19
4. Viktige tiltak i folkebiblioteket ved fordeling av ekstramidlar	20
4.1. Kor stor vekt skal ein leggje på ulike tiltak?	20
4.2. Kva tiltak er aller viktigast?	20
5. Haldningar til opningstider i folkebiblioteket	22
5.1. Kva tidspunkt passar det å besøke biblioteket på?	22
5.2. Kva dag passar best, søndag eller ein annan vekedag?	22
6. Folkebiblioteket som gode	25
6.1. Kor viktig er det at det finst eit godt folkebibliotek i kommunen?	25
6.2. Lite og nært eller stort og sentralt folkebibliotek?	25
7. Vanskar med å komme seg til folkebiblioteket	28
7.1. Er det vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket?	28
7.2. Kva er det som gjer det vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket?	29
8. Bibliotekbrukarar og andre sin bruk av ulike kulturinstitusjonar og kulturelle aktivitetar	30
8.1. Tidspunkt for siste besøk i ulike kulturinstitusjonar	30
8.2. Tid brukt til ulike kulturaktivitetar	31
9. Barn sin bruk av folkebiblioteket	33
9.1. I kor stor grad har barn vore på besøk i folkebiblioteket dei siste 12 månadene?	33
9.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane av barna?	33
10. Korleis har bibliotekbruken endra seg frå 1988?	34
10.1. Tidspunkt for siste bibliotekbesøk	34
10.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane?	34
10.3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til ulike påstandar om folkebiblioteket	34
Vedlegg	
1. Dokumentasjon av datainnsamlinga	37
2. Spørjeskjema	40
Tidlegare utgitt på emneområdet	45
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Rapporter	46

Figurregister

1. Besøk i folkebiblioteket

- 1.1 Prosentdel kvinner og menn i ulike aldersgrupper som har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste tre månedene 14
- 1.2 Prosentdel kvinner og menn i ulike aldersgrupper blant bibliotekbrukarane som har besøkt folkebiblioteket 10 gonger eller meir i løpet av dei siste 12 månedene 16
-

7. Vanskar med å komme seg til folkebiblioteket

- 7.1 Oversikt over kor stor prosentdel av dei som har oppgitt at dei har vanskar med å komme seg til folkebiblioteket som har peika på følgjande årsaker 29
-

8. Bibliotekbrukarar og andre sin bruk av ulike kulturinstitusjonar og kulturelle aktivitetar

- 8.1 Prosentdel av alle og av bibliotekbrukarar og ikkje-brukarar som har besøkt ulike kulturinstitusjonar dei siste tre månedene 30
- 8.2 Prosentdel av alle og av bibliotekbrukarar og ikkje-brukarar som har oppgitt at dei gjennomsnittleg brukar 15 minuttar eller meir på følgjande aktivitetar per dag 32
-

Tabellregister

1. Besøk i folkebiblioteket	
1.1. Tid sidan siste besøk på folkebiblioteket for ulike grupper. Prosent	13
1.2. Talet på besøk på folkebiblioteket dei siste 12 månadene blant bibliotekbrukarane, i ulike grupper. Prosent	15
2. Bibliotekbrukarane sin bruk av ulike tenester på folkebiblioteket dei siste 12 månadene	
2.1. Prosentdel av ulike grupper av bibliotekbrukarane som har gjort bruk av ulike tenester på folkebiblioteket dei siste 12 månadene	18
3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til folkebiblioteket	
3.1. Bibliotekbrukarane sine haldningar til ulike påstandar om folkebiblioteket. Prosent	19
4. Viktige tiltak i folkebiblioteket ved fordeling av ekstramidlar	
4.1. Haldningar til korleis ein skal fordele eventuelle ekstramidlar på ulike tiltak i folkebiblioteket. Prosent	20
4.2. Ulike grupper sitt syn på kva for eit tiltak som er viktigast dersom ein skal fordele eventuelle ekstramidlar på folkebiblioteket. Prosent	21
5. Haldningar til opningstider i folkebiblioteket	
5.1. Prosentdel i ulike grupper som svarar at det passar å besøke biblioteket på forskjellige tidspunkt	23
5.2. Ulike grupper si prioritering mellom søndag og ein annan vekedag for biblioteksbesøk. Prosent	24
6. Folkebiblioteket som gode	
6.1. Ulike grupper sitt syn på kor viktig det er at det finst eit godt folkebibliotek i kommunen. Prosent	26
6.2. Ulike grupper si prioritering mellom eit lite og nært og eit stort og sentralt folkebibliotek. Prosent	27
7. Vanskar med å komme seg til folkebiblioteket	
7.1. Prosentdel i ulike grupper som svarar at det er vanskeleg å komme til folkebiblioteket	28
9. Barn sin bruk av folkebiblioteket	
9.1. Prosentdel av barn under 12 år som har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene	33
9.2. Talet på besøk på folkebiblioteket dei siste 12 månadene blant bibliotekbrukarane av barna under 12 år. Prosent	33
10. Korleis har bibliotekbruken endra seg frå 1988?	
10.1. Tid sidan siste besøk på folkebiblioteket, i grupper for kjønn og alder. Tal for både 1988 og 1998. Prosent	35
10.2. Talet på besøk på folkebiblioteket dei siste 12 månadene blant bibliotekbrukarane, i grupper for kjønn og alder. Tal for både 1988 og 1998. Prosent	35
10.3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til ulike påstandar om folkebiblioteket. Tal for både 1988 og 1998. Prosent	36
Vedleggstabellar	
1. Nøkkeltal	37
2. Fråfall, etter årsak	38
3. Bruttoutval, nettoutval og fråfall, etter kjønn, alder og landsdel. Prosent	38
4. Forventa standardavvik for observerte prosentdelar ved ulike utvalsstorleikar	39

Innleiing

Kort om innhaldet i rapporten

Rapporten handler om bruk av og haldningar til folkebiblioteket, i befolkninga generelt og blant dei som har besøkt biblioteket minst éin gong dei siste 12 månadene. I rapporten er det eit eige kapittel om barn under 12 år sin bruk av folkebiblioteket. Rapporten inneheld også ei kort samanlikning med resultat frå ei tilsvarande undersøking frå 1988.

Nokre av hovudresultata

Ein tredjedel har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei tre siste månadene, halvparten i løpet av dei siste 12 månadene

Kvinner, unge, høgare utdanna, skoleelevar og studentar og personar med innvandrarakgrunn dominerer blant dei som har besøkt biblioteket dei siste tre månadene.

Ein av tre bibliotekbrukarar har besøkt folkebiblioteket 10 gonger eller meir dei siste 12 månadene

Mannlege og kvinnelege bibliotekbrukarar går like hyppig på biblioteket. Dei hyppigaste bibliotekbrukarane finn vi blant eldre og pensjonistar, blant innvandrarar og blant dei med utdanning på universitets- og høgskolenivå 1.

Flest bibliotekbrukarar har lånt romanar

- få har lånt lydbøker og musikk. Lånemønsteret er ulikt blant kvinner og menn, unge og eldre, innvandrarar og ikkje-innvandrarar og "nær-" og "fjernstudentar".

Bibliotekbrukarane er stort sett nøgde med biblioteket

Dei er aller mest nøgde med det store og varierte utvalet av eldre og nyare bøker, og minst nøgde med tilgangen til nye bøker.

Ekstramidlar bør brukast på å betre tilbodet til barn, betre datatilbodet og kjøpe fleire bøker, aviser og tidsskrift

Folk flest legg mindre vekt på å tilsetje meir personale, skaffe biblioteket trivelege lokale, utvide opningstida og kjøpe fleire videoar, lydbøker og CD-plater. Prioriteringa av dei ulike tiltaka varierer i forhold til alder, og til

ein viss grad også i forhold til studieform og bibliotekbruk. Bibliotekbrukarane prioriterer først og fremst innkjøp av bøker, aviser og tidsskrift og betring av datatilbodet.

Ettermiddag og kveld på kvardagar passar best for bibliotekbesøk for dei fleste

Bibliotekbesøk på laurdagar passar også mange, medan formiddag på kvardagar og på søndagar er mindre aktuelt. Når folk må velje mellom søndag og ein annan vekedag, vel dei fleste ein annan vekedag.

Tre av fire synest det er svært eller nokså viktig med eit godt folkebibliotek i kommunen

Av dei som synest det er *svært viktig* med eit godt folkebibliotek, finn vi flest blant kvinner, eldre, pensjonistar og innvandrarar.

Dei fleste vil ha eit stort og sentralt bibliotek

- få vil heller ha eit lite og nært bibliotek. Oppslutnaden om eit stort og sentralt bibliotek er aller størst blant dei yngste og blant skoleelevar og studentar.

Få har vanskar med å komme seg til folkebiblioteket

- men blant dei som har det, peikar bortimot halvparten på årsaker som at dei har lite tid, at biblioteket ligg for langt borte og at opningstidene passar dårleg.

Bibliotekbrukarar brukar ulike kulturinstitusjonar i større grad enn andre

Bibliotekbrukarar har i større grad enn ikkje-brukarar gått på kino, museum, kunstutstilling, konsert og teater i løpet av dei tre siste månadene. Skilnaden mellom brukarar og ikkje-brukarar er størst når det gjeld kino, og minst når det gjeld teater.

Bibliotekbrukarar brukar i større grad enn andre tid på å lese lære- eller fagbøker og romanar kvar dag

Når det gjeld aktivitetar som å lese vekeblad og teikneseriar, høyre på musikk, sjå på TV eller video, surfe på Internett og lese høgt for barn, er skilnadene mellom brukarar og ikkje-brukarar mindre. Å lese aviser og

tidsskrift er mest utbreidd hjå ikkje-brukarar, sjølv om skilnadene er små også her.

6 av 10 barn under 12 år har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene

Av barna mellom 10 og 11 år, har fleire enn 9 av 10 besøkt biblioteket i dette tidsrommet. Hjå yngre aldersgrupper er besøksprosenten lågare.

4 av 10 bibliotekbrukarar blant barn under 12 år har besøkt folkebiblioteket 10 gonger eller meir i løpet av dei siste 12 månadene

Jenter er hyppigare bibliotekbrukarar enn gutar, og barn mellom 10 og 11 år brukar biblioteket hyppigare enn yngre barn.

Overraskande likt besøk på folkebiblioteket i 1998 og 1988

Det er knapt endringar når det gjeld kor stor del av befolkninga som har besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre eller 12 månadene når vi samanliknar 1998 med 1988. Delen av bibliotekbrukarane som har besøkt folkebiblioteket 10 gonger eller meir, er også overraskande stabil.

- Men bibliotekbrukarane i 1998 er mykje meir nøgde med folkebiblioteket sitt tilbod enn brukarane var for 10 år sidan

Den største endringa i haldningane til bibliotekbrukarane i positiv retning gjeld ventetida for å få låne nye bøker, utvalet av eldre og nyare bøker og biblioteket sitt tilbod om å skaffe bøker som manglar frå andre bibliotek.

Nokre omgrep og bakgrunnsvariablar som vert brukte i rapporten

Alder

Aldersinndelinga refererer til fylte år per 31.12.97, basert på registrert fødselsdato i Det sentrale folkeregistret.

Utdanning

Utdanningsopplysningane er henta frå Statistisk sentralbyrå sitt utdanningsregister og omfattar fullført allmennutdanning og yrkesutdanning for personar som har fylt 16 år. Registeret er oppdatert per 1.10.1996. Grupperinga byggjer på Standard for utdanningsgruppering i offentleg norsk statistikk (Standarder for norsk statistikk nr. 7). Det manglar utdanningsopplysningar for 100 personar i aldersgruppa 12-15 år, og for nokre som ikkje har registrert utdanning frå Noreg (gjeld hovudsakleg personar med innvandrarbakgrunn, om lag 50 personar). Følgjande gruppering er brukt:

Ungdomsskolenivå: Utdanning med samla lengd på 7-9 år.

Vidaregåande skole: Utdanning med samla lengd på 10-12 år.

Universitets-/høgskolenivå 1: Utdanning med samla lengd på 13-14 år.

Universitets-/høgskolenivå 2+: Utdanning med samla lengd på minst 15 år.

Sosioøkonomisk status

Grupperinga byggjer på Standard for inndeling etter sosioøkonomisk status (Standarder for norsk statistikk nr. 5). Personar over 16 år er delte inn etter ulike kategoriar av sosioøkonomisk status på grunnlag av opplysningar dei har gitt om sysselsettingsforhold.

Landsdel

Den følgjande inndelinga er brukt i denne rapporten:

Akershus og Oslo

Austlandet elles: Oppland, Hedmark, Buskerud, Telemark, Vestfold og Østfold

Agder og Rogaland: Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland

Vestlandet: Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Trøndelag: Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag

Nord-Noreg: Nordland, Troms og Finnmark

Bustadsstrøk

Som tettbygde strøk reknar vi hussamlingar med minst 200 personar der husa normalt ikkje ligg meir enn 50 meter frå kvarandre. Mindre husklynger som naturleg høyrer saman med busetnaden på ein større stad vert rekna med sjølv om avstanden til tettstaden er noko meir enn 50 meter.

Innvandrarbakgrunn

Opplysningar om innvandrarbakgrunn er henta frå Statistisk sentralbyrå sitt fødelandsregister. Dei som vert rekna for å tilhøyre innvandrarbefolkninga, er første- og andregenerasjonsinnvandrarar. Personar med minst ein norskfødd forelder, eller personar som er adopterte frå utlandet, vert *ikkje* rekna for å tilhøyre innvandrarbefolkninga.

Studieform

Inndeling i to studieformer er basert på opplysningar frå dei av respondentane som har oppgitt at dei følgjer ei form for undervisning.

Folkebibliotekbruk

Som bibliotekbrukarar reknar vi personar som har oppgitt at dei i løpet av dei siste 12 månadene har besøkt folkebiblioteket minst ein gong.

1. Besøk i folkebiblioteket

1.1. Tidspunkt for siste bibliotekbesøk

Når publikum vert spurt om når dei sist var på folkebiblioteket (tabell 1.1), svarar ein tredjedel at dei har vore der for mindre enn tre månader sidan. Ytterlegare 14 prosent svarar at dei har besøkt biblioteket mellom tre månader og inntil eit år sidan, noko som tyder at nærare halvparten av befolkninga har besøkt folkebiblioteket når vi ser dei siste 12 månadene under eitt. 23 prosent av befolkninga har besøkt biblioteket i perioden 1-6 år sidan. Det er også mange - nesten ein tredjedel - som sist besøkte biblioteket for meir enn seks år sidan eller som aldri har besøkt biblioteket.

Det er langt fleire kvinner enn menn som har besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre månadene. 40 prosent av kvinnene har vore på biblioteket i denne tidsperioden, mot 26 prosent av mennene. Den delen av befolkninga som har besøkt biblioteket for mindre enn tre månader sidan, synk proporsjonalt med alderen. Av 12-15-åringane gjeld dette 63 prosent, av dei mellom 65 og 79 år 22 prosent.

Vi ser ein tendens til at dei som har høgare utdanning, i større grad har besøkt biblioteket i løpet av den siste tremånadersperioden: Av dei som har utdanning på ungdomsskolenivå, har ein femtedel vore på biblioteket i denne perioden, blant dei med utdanning på universitets- og høgskolenivå 2+ (tre år eller meir på universitet/høgskole) halvparten. Sosioøkonomisk status har òg innverknad på i kva grad folk har besøkt biblioteket i det siste. Berre ein femtedel av arbeidarane og dei sjølvstendige har vore på biblioteket i den siste tremånadersperioden, medan så mange som 45 prosent av skoleelevane og studentane har gjort det same. Det er små skilnader mellom ulike hushaldsinntektsnivå, vi ser berre ein viss tendens til at dei med lågast eller høgast inntekt i størst grad har besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre månadene.

Blant personar med innvandrarbakgrunn har 42 prosent besøkt biblioteket for mindre enn tre månader sidan, medan det same gjeld for 33 prosent av personane utan innvandrarbakgrunn. Av dei som følgde noka slags form for undervisning på det tidspunktet undersøkinga vart gjennomført, har både dei som følgjer undervisning på

lærestaden og dei som følgjer fjernundervisning i stor grad vore på biblioteket dei siste tre månadene.

Skilnadene mellom landsdelane er små, men personar busett på Austlandet utanom Oslo-regionen har i størst grad og personar i Nord-Noreg og på Vestlandet har i minst grad besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre månadene. Dei som bur i mellomstore byar (20 000 - 99 999 innbyggjarar) har i størst grad besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre månadene og dei som bur i større byar har i minst grad gjort det same.

Vi ser altså at kvinner, unge, høgare utdanna, skoleelevar/studentar og personar med innvandrarbakgrunn, dominerer blant dei som har besøkt biblioteket dei siste tre månadene. Variablar som hushaldsinntekt, studieform, landsdel og bustadstrøk har derimot lite å seie for i kva grad ein har besøkt biblioteket i løpet av den siste tremånadersperioden.


Kvinner og menn innanfor ulike aldersgrupper

Når vi ser på befolkninga i grupper for kjønn og alder samstundes (figur 1.1), ser vi noko interessant. Sjølv om kvinner i dei fleste aldersgruppene i langt større grad enn menn har besøkt biblioteket i løpet av dei siste tre månadene, så er det motsette tilfelle blant dei yngste. I aldersgruppa 12-15 år er det nemleg om lag 10 prosent fleire gutar enn jenter som har besøkt biblioteket dei siste tre månadene. Elles er kjønnskilnadene minst i aldersgruppa 45-64 år, der ein femtedel av mennene og ein fjerdedel av kvinnene har besøkt biblioteket i løpet av denne tidsperioden.

1.1. Tid sidan siste besøk på folkebiblioteket for ulike grupper. Prosent

	Mindre enn 3 måneder sidan	3-11 månader sidan	1-3 år sidan	3-6 år sidan	Meir enn 6 år sidan	Aldri	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Alle	33	14	15	8	24	6	0	100	1 326
Kjønn									
Mann	26	13	17	8	29	7	0	100	668
Kvinne	40	15	13	7	19	6	-	100	658
Alder									
12-15 år	63	22	11	3	1	-	-	100	100
16-24 år	40	21	21	11	7	1	-	100	198
25-44 år	34	13	16	7	27	4	0	100	513
45-64 år	24	11	13	7	34	11	-	100	372
65-79 år	22	10	13	10	30	16	-	100	143
Utdanningsnivå									
Ungdomsskolenivå	21	10	16	7	28	18	-	100	203
Vidaregåande skole	28	13	16	9	30	6	0	100	691
Universitets-/høgskolenivå 1	38	14	12	11	23	3	-	100	120
Universitets-/høgskolenivå 2+	46	16	16	7	14	1	-	100	160
Sosioøkonomisk status									
Arbeidarar	19	9	17	10	35	11	-	100	208
Funksjonærar, lågare nivå	36	15	15	6	23	4	-	100	99
Funksjonærar, høgare nivå	35	16	15	9	23	3	0	100	437
Sjølvtendige	21	7	17	9	38	9	-	100	71
Skoleelevar/studentar	45	24	21	6	4	-	-	100	82
Pensjonistar	26	8	13	8	30	15	-	100	211
Heimearbeidande	38	15	9	11	19	9	-	100	47
Hushaldsinntekt									
Under 100 000	33	15	15	8	20	9	-	100	184
100 000 - 199 999	30	10	16	6	27	11	-	100	159
200 000 - 299 999	28	14	15	10	21	12	-	100	197
300 000 - 399 999	27	16	16	9	28	4	-	100	225
400 000 eller meir	32	12	15	7	30	4	0	100	461
Landsdel									
Akershus og Oslo	32	11	17	7	29	4	-	100	246
Austlandet elles	36	11	15	6	24	8	-	100	371
Agder og Rogaland	34	15	15	7	21	8	-	100	198
Vestlandet	30	17	12	9	26	6	-	100	241
Trøndelag	34	18	17	9	14	9	-	100	127
Nord-Noreg	29	13	14	12	27	4	1	100	143
Bustadstrøk									
Grisgrendt strøk	32	12	14	9	22	11	0	100	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	33	16	12	9	25	5	-	100	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	38	12	18	4	24	4	-	100	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	29	15	18	8	26	5	-	100	262
Innvandrarbakgrunn									
Tilhøyrrer ikkje innvandrarbefolkninga	33	14	15	8	25	6	0	100	1 269
Tilhøyrrer innvandrarbefolkninga	42	13	17	6	13	9	-	100	53
Studieform									
Undervisning ved lærestaden	45	19	21	6	8	2	-	100	178
Fjernundervisning	39	8	19	8	15	12	-	100	26

Figur 1.1. Prosentdel kvinner og menn i ulike aldersgrupper som har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste tre månedene



1.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane?

Ein tredjedel av bibliotekbrukarane (det vil seie dei som har besøkt biblioteket minst éin gong dei siste 12 månedene) har vore 10 gonger eller meir på biblioteket i løpet av dei siste 12 månedene (tabell 1.2). Ein annan tredjedel har vore på biblioteket mellom tre og ni gonger, medan ein siste tredjedel berre har vore der ein til to gonger. Når vi ser på besøksfrekvensen på denne måten, blir bibliotekbrukarane delte i om lag tre like store delar: Dei som går sjeldan, dei som går av og til og dei som går ofte på biblioteket.

Når det gjeld dei brukarane som har besøkt biblioteket 10 gonger eller meir, er prosenttalet for kvinner og menn nokså likt, 32 prosent av dei mannlege og 34 prosent av dei kvinnelege bibliotekbrukarane har vore der så ofte.

Når personar i alderen 65-79 år først brukar biblioteket, brukar dei det ofte. Heile 45 prosent av brukarane i denne aldersgruppa har vore på biblioteket 10 gonger eller meir. Blant bibliotekbrukarane i alderen 45-64 år finn vi til samanlikning den minste delen som har vore på biblioteket 10 gonger eller meir, 28 prosent. Nedtrapping i yrkeslivet og overgang til pensjoniststatus,

som for dei fleste skjer i denne alderen, har difor truleg mykje å seie for kor hyppig ein går på biblioteket.

Halvparten av bibliotekbrukarane blant innvandrarar har vore 10 gonger eller meir på biblioteket, mot 32 prosent blant personar utan innvandrarbakgrunn. Skilnaden mellom desse to gruppene vert endå større dersom vi berre ser på dei som har vore 40 gonger eller meir på biblioteket: 24 prosent av personane med innvandrarbakgrunn har vore såpass ofte på biblioteket, medan dette berre gjeld 6 prosent av personane utan denne bakgrunnen.

I forhold til utdanningsnivå, er delen av brukarar som har vore 10 gonger eller meir på folkebiblioteket, størst blant dei med utdanning på universitets- og høgskolenivå 1 (1-2 år på universitet/høgskole) og minst blant dei som har utdanning på ungdomsskolenivå. Elles er det små variasjonar mellom dei ulike utdanningsgruppene. Pensjonistar går i større grad hyppig på biblioteket enn arbeidarar og funksjonærar på høgare nivå, men elles er det få skilnader mellom ulike grupper i forhold til sosioøkonomisk status. Blant ulike hushaldsinntektsgrupper av bibliotekbrukarane, er det dei med ei inntekt på kr 400 000 eller meir som i størst grad har besøkt biblioteket 10 gonger eller meir, medan dei med inntekt

1.2. Talet på besøk på folkebiblioteket dei siste 12 månadene blant bibliotekbrukarane, i ulike grupper. Prosent


	1-2 gonger	3-5 gonger	6-9 gonger	10-39 gonger	40 gonger eller meir	I alt	Talet på personar
Alle	30	23	14	25	7	100	618
Kjønn							
Mann	36	22	12	24	8	100	259
Kvinne	27	23	16	27	7	100	359
Alder							
12-15 år	25	28	15	21	11	100	85
16-24 år	31	26	9	27	7	100	121
25-44 år	30	20	18	27	6	100	238
45-64 år	36	23	12	23	5	100	129
65-79 år	27	18	11	29	16	100	45
Utdanningsnivå							
Ungdomskolenivå	35	24	13	24	5	100	63
Vidaregåande skole	31	21	15	27	7	100	277
Universitets-/høgskole nivå 1	21	32	10	29	8	100	62
Universitets-/høgskole nivå 2+	35	17	16	25	6	100	99
Sosioøkonomisk status							
Arbeidarar	40	12	18	26	4	100	57
Funksjonærar, lågare nivå	32	22	8	34	4	100	50
Funksjonærar, høgare nivå	29	26	15	25	5	100	221
Sjølvstendige	:	:	:	:	:	100	20
Skoleelevar/studentar	26	26	12	30	5	100	57
Pensjonistar	33	11	15	29	11	100	72
Heimearbeidande	32	16	20	16	16	100	25
Hushaldsinntekt							
Under 100 000	34	21	17	21	7	100	89
100 000 - 199 999	27	24	15	24	10	100	62
200 000 - 299 999	38	24	13	20	5	100	82
300 000 - 399 999	33	20	13	28	6	100	95
400 000 eller meir	28	21	14	30	7	100	205
Landsdel							
Akershus og Oslo	21	28	20	23	9	100	106
Austlandet elles	37	22	11	21	9	100	175
Agder og Rogaland	28	24	16	29	4	100	98
Vestlandet	32	22	12	27	7	100	112
Trøndelag	30	18	14	32	6	100	66
Nord-Noreg	31	18	16	28	7	100	61
Bustadstrøk							
Grisgrendt strøk	30	22	15	27	7	100	138
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	31	22	14	25	9	100	244
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	32	19	13	31	5	100	124
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	29	30	16	19	7	100	112
Innvandrarbakgrunn							
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	31	23	15	26	6	100	587
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	21	21	10	24	24	100	29
Studieform							
Undervisning ved lærestaden	27	21	12	33	8	100	113
Fjernundervisning	:	:	:	:	:	100	12

frå kr 200 000-299 999 i minst grad har besøkt biblioteket så ofte.

Den landsdelen der bibliotekbrukarane i størst grad har vore på biblioteket 10 gonger eller meir, er Trøndelag,

medan Austlandet utanom Oslo-regionen er den landsdelen der brukarane i minst grad har vore der så ofte. Dei regionale skilnadene er likevel heller små. Elles ser vi at bibliotekbrukarar busett i grisgrendte strøk eller tettbygde strøk med opp mot 100 000 innbyggjarar i

Figur 1.2. Prosentdel kvinner og menn i ulike aldersgrupper blant bibliotekbrukarane som har besøkt folkebiblioteket 10 gonger eller meir i løpet av dei siste 12 månadene



noko større grad enn bibliotekbrukarar i dei største byane har vore på biblioteket 10 gonger eller meir i løpet av dei siste 12 månadene.

Ein av tre bibliotekbrukarar går altså ofte på biblioteket, og her er det ingen skilnad mellom menn og kvinner. Eldre bibliotekbrukarar går oftare enn yngre, og personar med innvandrarbakgrunn oftare enn dei utan. Dei med høgare utdanning på nivå 1 går oftare enn personar med utdanning på ungdomsskolenivå, og pensjonistar er ivrigare biblioteksbrukarar enn andre grupper i forhold til sosioøkonomisk status. Landsdel og bustadstrøk har derimot få konsekvensar for besøksfrekvensen blant brukarane.

Kvinner og menn innanfor ulike aldersgrupper

Når vi deler bibliotekbrukarane inn etter både aldersgruppe og kjønn samstundes (figur 1.2), ser vi at medan kvinner i alderen 65-79 år og 25-44 år i større grad enn menn på same alder har besøkt biblioteket meir enn 10 gonger dei siste 12 månadene, er det motsette tilfelle for aldersgruppa 12-15 år. Her har gutar i større grad enn jenter besøkt biblioteket 10 gonger eller meir dei siste 12 månadene. Elles er små kjønnskilnader, dette gjeld både for aldersgruppa 16-24 år og 45-64 år.

2. Bibliotekbrukarane sin bruk av ulike tenester på folkebiblioteket dei siste 12 månadene

Lån av bøker, lydbøker, video og musikk

Blant alle som har besøkt biblioteket i løpet av dei siste 12 månadene, har halvparten lånt romanar, 44 prosent lånt lære- eller fagbøker og 40 prosent lånt barne- eller ungdomsbøker. Ein fjerdedel har lånt video, og berre 12 og 9 prosent har lånt lydbøker og musikk (tabell 2.1).

Det er ingen skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld lån av lære- eller fagbøker, men kvinner låner i større grad romanar og barne- og ungdomsbøker. Det er heller ingen skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld lån av musikk, men ein større prosentdel av kvinnene har lånt lydbøker og video. Av ulike aldersgrupper så er det unge mellom 12 og 15 år som i størst grad har lånt lære- eller fagbøker og barne- eller ungdomsbøker, medan det er eldre i alderen 65-79 år som i størst grad har lånt romanar. Lydbøker og videoar er mest etterspurte blant dei mellom 25 og 44 år. Når det gjeld musikk, så er ikkje denne tenesta etterspurte av så mange, men vi ser ein viss tendens til at personar under 45 år låner musikk i større grad enn dei som er over 45 år.

Personar med innvandrarbakgrunn har i større grad enn personar utan innvandrarbakgrunn lånt barne- og ungdomsbøker, romanar, lydbøker og musikk, medan det er lite eller ingen skilnad i lån av lære- og fagbøker og video.

Av studentane som følgjer fjernundervisning, er det ein større prosentdel som har lånt lære- eller fagbøker, barne- og ungdomsbøker og video enn av studentane som følgjer undervisning ved lærestaden. Det er lite skilnad i lån av lydbøker og romanar, men "nærstudentane" låner til ein viss grad musikk, noko "fjernstudentane" ikkje gjer.

Når det gjeld ulike typar lån, er konklusjonen at mange bibliotekbrukarar har lånt romanar og ein god del har lånt lære- eller fagbøker og barne- eller ungdomsbøker. Det er derimot få som har lånt lydbøker og musikk. Vi ser ulike lånemønster blant kvinner og menn, unge og eldre, innvandrarar og ikkje-innvandrarar og "nær-" og "fjernstudentar".

Bruk av biblioteket til ulike aktivitetar

Bibliotekbrukarane har i stor grad gjort seg nytte av oppslagsbøker og leksika (44 prosent) og lese aviser, teikneseriar, vekeblad eller tidsskrift (42 prosent). Vidare har over ein fjerdedel sett på utstillingar i biblioteket og ein femtedel studert lokalhistoriske dokument og bilete eller nytta biblioteket til lekselesing og studiar. 14 prosent har brukt Internett eller CD-rom. Ein tidel har lese dokument og sakspapir frå stat og kommune, medan svært få, 6 prosent, har vore på møte og framsyningar arrangert av biblioteket (tabell 2.1).

Som vi såg ovanfor, er dei kvinnelege bibliotekbrukarane ivrigare lånarar enn dei mannlege, men når det gjeld bruk av biblioteket til ulike aktivitetar, er menn stort sett ivrigare enn kvinner. Menn brukar i større grad Internett og CD-rom, oppslagsbøker og leksika, les i større grad aviser, teikneseriar, vekeblad eller tidsskrift, sakspapir frå stat og kommune og lokalhistoriske dokument og bilete. Både kvinner og menn har i liten grad vore på møte og framsyningar i biblioteket, og ein like stor del av kvinner og menn har nytta biblioteket til lekselesing og studiar, medan fleire kvinner enn menn har sett på utstillingar i biblioteket.

Av ulike aldersgrupper, er det stort sett berre personar under 25 år som gjer bruk av Internett og CD-rom. Det er også dei yngste som i størst grad brukar oppslagsverk og leksika. Når det gjeld lesing av aviser m.m., dokument frå stat og kommune, lokalhistoriske dokument og frammøte på utstillingar og møte og framsyningar, så er tendensen at dei unge og dei eldre nyttar desse tenesene i større grad enn dei midtre aldersgruppene. Naturleg nok er det berre i dei to yngste aldersgruppene at ein nyttar biblioteket i særleg grad til lekselesing og studiar.

Ein noko større del av personane med innvandrarbakgrunn nyttar biblioteket til å lese aviser m.m. og gå på møter og framsyningar i regi av biblioteket, medan ein noko større del av personane utan denne bakgrunnen har lest dokument frå stat og kommune, studert lokalhistoriske dokument og bilete og nytta biblioteket til lekselesing og studiar. Skilnadene mellom desse to

gruppene er likevel forholdsvis små når det gjeld bruken av desse ulike aktivitetane.

Det er ein større del av "nærstudentane" som har gjort bruk av aktivitetar som Internett og CD-rom, oppslagsverk og leksika, lese aviser m.m., dokument frå stat og kommune og studert lokalhistoriske dokument og bilete. Berre på aktivitetar som utstillingar og møte og framsyningar har ein større del av "fjernstudentane" delteke.

Det viser seg at mange bibliotekbrukarar har brukt oppslagsbøker og leksika og lese aviser, teikneseriar, vekeblad eller tidsskrift, medan få har gått på møte og framsyningar i regi av biblioteket. Kjønn, alder og til ein viss grad studieform gir utslag på aktivitetsbruken, medan innvandrarakgrunn har mindre å seie.

Hjelp frå personalet

Tre fjerdedelar av brukarane har fått hjelp av personalet til å finne bestemte bøker, og over ein tredjedel har fått hjelp til å finne spesielle opplysningar. Å finne stoff til stilar og sær oppgaver er ikkje aktuelt for så mange, difor er det færre som har fått hjelp til dette, ein fjerdedel (tabell 2.1).

Skilnadene mellom kvinner og menn er ikkje store, men kvinnelege bibliotekbrukarar har i noko større grad enn mannlige fått hjelp til å finne bestemte bøker eller å finne stoff til stilar. Når det gjeld å finne spesielle opp-

lysningar, har kvinner og menn fått hjelp i omtrent like stor grad. Det er ikkje så store skilnader mellom unge og eldre bibliotekbrukarar med omsyn til å få hjelp av personalet til å finne bestemte bøker, medan yngre aldersgrupper i langt større grad enn eldre har fått hjelp til å finne spesielle opplysningar. Naturleg nok er det blant dei yngre gruppene at vi finn dei største prosentdelane som har fått hjelp til å finne stoff til stilar og sær oppgaver og liknande.

Det er små skilnader mellom personar med og utan innvandrarakgrunn, den einaste større skilnaden ligg i at personar med innvandrarakgrunn i større grad har fått hjelp til å finne spesielle opplysningar.

Medan forholdsvis fleire blant "fjernstudentane" har fått hjelp til å finne bestemte bøker og spesielle opplysningar, har forholdsvis fleire blant "nærstudentane" fått hjelp til å finne stoff til stilar og sær oppgaver.

Av ulike typar hjelp frå personalet, er det altså svært mange brukarar som har fått hjelp til å finne bestemte bøker, ein del har fått hjelp til å finne spesielle opplysningar, og færre har fått hjelp til å finne stoff til stilar og sær oppgaver. Det er få skilnader mellom kvinner og menn og mellom innvandrarakgrunn og ikkje-innvandrarakgrunn. Aldersgrupper og studieform, derimot, gir meir utslag på i kva grad ein har fått hjelp til ulike føremål.

2.1. Prosentdel av ulike grupper av bibliotekbrukarane som har gjort bruk av ulike tenester på folkebiblioteket dei siste 12 månadene. Prosent

	Kjønn		Alder					Innvandrarakgrunn		Studieform		
	Alle	Mann	Kvinne	12-15 år	16-24 år	25-44 år	45-64 år	65-79 år	Tilhøyrer ikkje innvandrarakgrunn	Tilhøyrer innvandrarakgrunn	Undervisning ved lærestaden	Fjernundervisning
Lånt lære- eller fagbøker	44	45	44	57	50	41	42	27	44	45	58	67
Lånt barne- eller ungdomsbøker	40	34	43	64	24	55	20	11	38	59	30	42
Lånt andre bøker som romanar o.l.	50	39	59	44	53	48	52	60	50	62	54	58
Lånt lydbøker	12	8	15	8	7	16	12	11	12	17	13	17
Lånt musikk	9	10	9	12	11	11	6	-	9	17	13	-
Brukt Internett eller CD-rom	14	17	12	28	34	9	1	-	14	14	35	17
Lånt video	24	19	28	26	20	35	14	4	24	24	19	33
Brukt oppslagsbøker, leksika o.l.	44	50	39	65	60	36	37	16	44	38	53	42
Lese aviser, teikneseriar, vekeblad eller tidsskrift	42	53	34	67	54	36	25	44	41	52	62	50
Lese dokument og sakspapir frå stat og kommune	11	14	9	9	13	9	11	16	11	3	17	8
Studert lokalhistoriske dokument, bilete m.m.	19	24	16	32	14	16	22	20	20	10	20	8
Sett på utstillingar i biblioteket.	29	23	34	28	24	35	22	38	29	24	27	33
Vore på møte, framsyningar m.m. arrangert av biblioteket ..	6	5	7	7	2	7	6	13	6	14	3	8
Fått hjelp av personalet til å finne bestemte bøker	75	70	78	78	77	76	72	67	75	76	77	83
Fått hjelp av personalet til å finne stoff til stilar, sær oppgaver o.l.	25	22	27	58	47	13	12	7	25	28	49	17
Fått hjelp til å finne spesielle opplysningar	36	36	37	53	46	32	29	24	36	45	43	58
Nytta biblioteket til lekselesing, studiar o.l.	18	17	18	35	39	10	7	-	18	10	43	25

3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til folkebiblioteket

Bibliotekbrukarane er stort sett nøgde med folkebiblioteket, noko som kjem aller mest til uttrykk i haldningane til påstanden “biblioteket har eit stort og variert utval av eldre og nyare bøker”. Heile 87 prosent av brukarane er heilt eller delvis einige i denne påstanden. Vidare er fire av fem heilt eller delvis einige i at “biblioteket har trivelege lokale”, “biblioteket har eit fagleg dyktig personale” og “bøkene er ordna slik at det er lett å finne fram” (tabell 3.1).

65 prosent av bibliotekbrukarane avviser heilt eller delvis utsegnen “biblioteket har ikkje dei bøkene eg er interessert i”, og stiller seg dermed nokså positive til dette aspektet ved biblioteket. Dei stiller seg likevel ein god del mindre positive til dette aspektet ved biblioteket enn til den meir generelle påstanden ovanfor om at “biblioteket har eit stort og variert utval”. 58 prosent av brukarane er heilt eller delvis samde i at “det er lett å få biblioteket til å skaffe bøker som manglar frå andre bibliotek”. Samstundes er det mange som er i tvil om

kva dei skal meine om denne påstanden (29 prosent). 56 prosent av brukarane avviser at “biblioteket er ofte stengt når ein har lyst til å gå dit”, og vel halvparten har difor ei positiv haldning til dei noverande opningstidene.

Halvparten av bibliotekbrukarane meiner at “biblioteket er godt oppdatert når det gjeld nye medium”, men så mange som 28 prosent har ikkje klart å ta stilling til den same påstanden. Berre 37 prosent av brukarane avviser påstanden om at “ein må vente for lenge for å få låne nye bøker”, 23 prosent veit ikkje og 32 prosent er heilt eller delvis einige i påstanden. Dette tyder at det er ventetida for å tilgang til nye bøker som vert oppfatta som det mest negative aspektet ved folkebiblioteket.

Hovudfunnet er dermed at bibliotekbrukarane stiller seg mest positive til at biblioteket har eit stort og variert utval av eldre og nyare bøker og at færrest er nøgde med tilgangen til nye bøker på biblioteket.

3.1. Bibliotekbrukarane sine haldningar til ulike påstandar om folkebiblioteket. Prosent

	Heilt einig	Delvis einig	Både einig og ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Biblioteket har eit stort og variert utval av eldre og nyare bøker	56	31	6	3	1	3	100	618
Biblioteket har ikkje dei bøkene eg er interessert i	5	16	11	20	45	4	100	617
Bøkene er ordna slik at det er lett å finne fram	49	30	10	6	3	2	100	618
Biblioteket er ofte stengt når ein har lyst til å gå dit	14	17	9	17	39	3	100	617
Det er lett å få biblioteket til å skaffe bøker som manglar frå andre bibliotek	42	16	7	3	3	29	100	618
Ein må vente for lenge for å få låne nye bøker	11	21	8	14	23	23	100	617
Biblioteket har trivelege lokale	61	21	6	5	5	1	100	618
Biblioteket har eit fagleg dyktig personale	57	23	7	2	-	11	100	618
Biblioteket er godt oppdatert når det gjeld nye medium	27	24	9	7	5	28	100	617

4. Viktige tiltak i folkebiblioteket ved fordeling av ekstramidlar

4.1. Kor stor vekt skal ein leggje på ulike tiltak?

På spørsmålet om kva tiltak dei ville leggje vekt på dersom ekstra midlar skulle fordelast på folkebiblioteket (tabell 4.1), svarar nesten halvparten av befolkninga at det er svært viktig å betre tilbodet til barn. Ein tredjedel av befolkninga synest det er svært viktig å betre datatilbodet og kjøpe fleire bøker, aviser og tidsskrift.

Nokre færre prioriterer sterkt å skaffe biblioteket trivelege og tidsmessige lokale (28 prosent), å utvide opningstida (26 prosent) og kjøpe fleire videoar, lydbøker og CD-plater (24 prosent). Aller minst opptekne er folk av å tilsetje meir personale, då berre ein av fem meiner at dette er eit svært viktig tiltak.

Av ulike tiltak legg altså befolkninga mest vekt på å betre tilbodet til barn, og minst vekt på å tilsetje meir personale.

4.2. Kva tiltak er aller viktigast?

Når folk må velje seg ut *eitt* tiltak som ein eventuelt skulle bruke ekstramidlar på (tabell 4.2), ser vi at å betre tilbodet til barn, betre datatilbodet og kjøpe inn fleire bøker, aviser og tidsskrift kjem ut som dei viktigaste tiltaka. Medan den forrige tabellen også synte sterk oppslutnad om dei same tre tiltaka, viste han aller sterkast oppslutnad om å betre tilbodet til barn. I tabell 4.2, derimot, har tiltaka fått ei tilnærma lik stilling, ein av fire sluttar opp om kvart av desse. Ein annan skilnad er at avstanden til dei andre tiltaka har vorte mykje

større: Det er svært få som prioriterer videoar, lydbøker og CD-plater (8 prosent), utvide opningstida (8 prosent), skaffe biblioteket trivelege og tidsmessige lokale (5 prosent) og tilsetje meir personale (5 prosent).

Det er få store skilnader mellom kvinner og menn sine prioriteringar. Det eine tiltaket der kjønna prioriterer noko ulikt, er med omsyn til betring av datatilbodet. Om lag 10 prosent fleire blant mennene prioriterer dette området.

Både når det gjeld betring av datatilbodet og innkjøp av videoar, lydbøker og CD-plater, er interessa for dette størst blant dei yngste og minst blant dei eldste. Når det gjeld betring av tilbodet til barn, går det den andre vegen, det er færrest som set dette først blant dei yngste, medan interessa blir større blant dei tre eldste aldersgruppene. Interessa svingar meir blant dei ulike aldersgruppene med omsyn til innkjøp av fleire bøker, aviser og tidsskrift, men den yngste aldersgruppa er aller minst interessert og den eldste er mest interessert.

Den einaste skilnaden av verdi mellom personar med og utan innvandrarbakgrunn finn vi når det gjeld innkjøp av bøker, aviser og tidsskrift. Her meiner ein noko større del av dei med innvandrarbakgrunn at dette må ha prioritet.

10 prosent fleire blant "nærstudentane" enn "fjernstudentane" meiner at det er viktig med innkjøp av bøker, aviser og tidsskrift og betring av datatilbodet.

4.1. Haldningar til korleis ein skal fordele eventuelle ekstramidlar på ulike tiltak i folkebiblioteket. Prosent

	Svært viktig	Nokså viktig	Mindre viktig	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Kjøpe fleire bøker, aviser og tidsskrift.....	32	45	21	2	100	1 326
Kjøpe fleire videoar, lydbøker og CD-plater	24	42	31	2	100	1 326
Betre datatilbodet	34	37	25	4	100	1 326
Tilsetje meir personale	21	37	37	5	100	1 325
Betre tilbodet til barn	46	37	11	6	100	1 325
Utvide opningstida	26	33	36	6	100	1 325
Skaffe biblioteket trivelege og tidsmessige lokale	28	37	32	3	100	1 326

Samstundes er det nokre fleire blant “fjernstudentane” som prioriterer å betre tilbodet for barn enn blant “nærstudentane”.

Fleire blant bibliotekbrukarane enn blant ikkje-brukarane prioriterer innkjøp av bøker, aviser og tidsskrift, samstundes som fleire blant ikkje-brukarane i forhold til brukarane prioriterer å betre tilbodet til barn.

Betring av tilbodet til barn, betring av datatilbodet og innkjøp av fleire bøker, aviser og tidsskrift er altså dei tiltaka det er mest oppslutnad om når folk skal velje seg ut *eitt* av fleire tiltak. Menn og kvinner prioriterer nokså likt, det same gjer også stort sett både personar med og utan innvandrarbakgrunn. Ulik studieform og bruk av folkebiblioteket fører til ein viss grad til ulik prioritering av tiltak, men aller størst skilnad finn vi mellom ulike aldersgrupper.

4.2. Ulike grupper sitt syn på kva for eit tiltak som er viktigast dersom ein skal fordele eventuelle ekstramidlar på folkebiblioteket. Prosent

	Kjønn		Alder					Innvandrarbakgrunn		Studieform		Bruk av folkebiblioteket		
	Alle	Mann	Kvinne	12-15 år	16-24 år	25-44 år	45-64 år	65-79 år	Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	Undervisning ved lærestaden	Fjernundervisning	Brukar folkebiblioteket	Brukar ikkje folkebiblioteket
Kjøpe fleire bøker, aviser og tidsskrift	24	23	26	19	27	21	26	29	24	32	29	19	29	20
Kjøpe fleire videoar, lydbøker og CD-plater	8	8	9	17	10	7	8	6	8	6	9	4	9	8
Betre datatilbodet	23	28	19	37	33	25	18	7	23	26	29	19	24	23
Tilsetje meir personale	5	4	7	6	5	4	6	8	6	2	5	4	5	6
Betre tilbodet til barn	23	21	24	12	14	26	25	25	23	19	16	23	17	27
Utvide opningstida	8	7	8	3	7	9	8	7	7	11	10	8	9	6
Skaffe biblioteket trivelege og tidsmessige lokale	5	5	5	4	3	5	5	10	5	-	3	15	5	6
Veit ikkje	3	4	3	2	2	3	3	8	3	4	1	8	1	5
I alt	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Talet på personar	1 325	667	658	100	198	513	371	143	1 268	53	178	26	617	708

5. Haldningar til opningstider i folkebiblioteket

5.1. Kva tidspunkt passar det å besøke biblioteket på?

Bibliotekbesøk på ettermiddag/kveld på kvardagar passar for 84 prosent av befolkninga (tabell 5.1). Laurdag er den dagen og tidspunktet som får nest mest oppslutnad, 61 prosent tykkjer denne dagen passar bra å besøke biblioteket på. 45 prosent sluttar opp om søndagen, medan ein god del færre, 35 prosent, tykkjer formiddag på kvardagar er eit godt alternativ.

Kvinner og menn skil seg først og fremst med omsyn til bibliotekbesøk på formiddagen på kvardagar, der det er ein langt større prosentdel blant kvinner (44 prosent) enn menn (27 prosent) som synest at dette er eit godt tidspunkt. Elles er skilnadene mellom kjønna ganske små.

Alder gjev ganske stort utslag på kva tidspunkt som passar. Medan 82 prosent blant personane i aldersgruppa 65-79 år synest formiddag på kvardagar er eit godt tidspunkt, er det berre 22 prosent i aldersgruppa 16-24 år som meiner det same. Når det gjeld ettermiddag/kveld på kvardagar, tykkjer ni av 10 i aldersgruppa 16-24 år at tidspunktet er bra, mot seks av 10 blant dei eldste. Oppslutnaden om bibliotekbesøk på laurdagar er størst blant personar mellom 25 og 44 år, medan han er minst hjå dei yngste og dei aller eldste. Bibliotekbesøk på søndagar er mest aktuelt for folk i alderen 16 til 44 år, og minst aktuelt for dei eldste.

Sosioøkonomisk status har også stor innverknad på kva tidspunkt som passar. Svært mange blant pensjonistar og heimearbeidande tykkjer formiddag på kvardagar passar godt, og ganske få blant arbeidarar og funksjonærar på høgare nivå. Skoleelevar, studentar, arbeidarar og funksjonærar på høgare nivå går mest inn for ettermiddag/kveld på kvardagar, medan pensjonistar i mindre grad går inn for dette tidspunktet. Ein stor del av funksjonærane på høgare nivå synest laurdagar passar, medan heimearbeidande ikkje fattar så stor interesse for dette alternativet. Funksjonærar på høgare nivå, skoleelevar og studentar tykkjer i størst grad søndagen passar godt for bibliotekbesøk, men berre halvparten så mange blant dei heimearbeidande tykkjer det same.

Landsdel gir få utslag; dei moderate og få utslaga vi finn, gjeld mest bibliotekbesøk i helgane. Folk busett i Oslo-regionen, Austlandet elles, Trøndelag og Nord-Noreg er meir opptekne av å kunne besøke biblioteket på laurdag enn folk på Vestlandet og i Agder og Rogaland. Folk i Oslo-regionen og Nord-Noreg sluttar meir opp om søndagsopne bibliotek enn folk busett i andre landsdelar gjer. Bustadstrøk gir få utslag, men dei som bur i dei største byane er meir interesserte i søndagsopne bibliotek enn dei som bur i grisgrendte strøk.

Innvandrarbakgrunn, studieform og folkebibliotekbruk har så godt som ingen innverknad på kva tidspunkt det passar å besøke biblioteket på.

Konklusjonen er at ettermiddag og kveld på kvardagar passar bra for dei fleste medan formiddag på kvardagar passar færre. Dei største skilnadene i forhold til kjønn, alder og sosioøkonomisk status finn vi i samband med bibliotekbesøk på formiddag på kvardagar. Blant dei dette tidspunktet passar for, finn vi fleire kvinner enn menn, fleire eldre enn yngre og fleire pensjonistar og heimearbeidande enn arbeidarar og funksjonærar på høgare nivå. Landsdel og bustadstrøk har mest å seie når det gjeld bibliotekbesøk i helgane, medan innvandrarbakgrunn, studieform og folkebibliotekbruk ser ut til å ha svært lite å seie i det heile.

5.2. Kva dag passar best, søndag eller ein annan vekedag?

Når ein må velje mellom søndag og ein annan vekedag, vel dei aller fleste - 79 prosent - ein vekedag framfor søndag, som berre blir valt av 20 prosent (tabell 5.2).

Det er ein noko større del av mennene enn kvinnene som vel seg søndagen, men skilnaden er liten. I tillegg er det fleire unge enn eldre som vel seg denne dagen. Funksjonærar på høgare nivå, studentar og skoleelevar, sjølvstendige og arbeidarar er dei gruppene som i størst grad går inn for søndagen, og pensjonistar og heimearbeidande er blant dei som i minst grad vel seg denne dagen.

Folk busett i Oslo-regionen, Agder og Rogaland og Trøndelag prioriterer søndagsopne bibliotek i større

5.1. Prosentdel i ulike grupper som svarar at det passar å besøke biblioteket på forskjellige tidspunkt

	Kvardagar på formiddagen	Kvardagar på ettermiddagen og kvelden	Laurdagar	Søndagar	Talet på personar
Alle	35	84	61	45	1 326
Kjønn					
Mann	27	87	62	47	668
Kvinne	44	82	61	44	658
Alder					
12-15 år	33	83	49	37	100
16-24 år	22	90	58	53	198
25-44 år	27	87	68	53	513
45-64 år	36	85	61	38	372
65-79 år	82	64	50	32	143
Sosioøkonomisk status					
Arbeidarar	17	93	67	46	208
Funksjonærar, lågare nivå	37	81	51	36	99
Funksjonærar, høgare nivå	19	92	71	52	437
Sjølvstendige	27	80	56	41	71
Skoleelevar/studentar	26	95	61	59	82
Pensjonistar	84	64	53	36	211
Heimearbeidande	79	66	47	28	47
Landsdel					
Akershus og Oslo	33	87	65	50	246
Austlandet elles	38	84	65	43	371
Agder og Rogaland	35	83	55	40	198
Vestlandet	36	84	54	46	241
Trøndelag	32	84	65	44	127
Nord-Noreg	33	83	63	49	143
Bustadstrøk					
Grisgrendt strøk	31	88	57	40	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	36	85	61	43	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	38	80	66	50	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	35	82	65	51	262
Innvandrarbakgrunn					
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	35	84	61	45	1269
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	42	83	60	42	53
Studieform					
Undervisning ved lærestaden	20	94	66	53	178
Fjernundervisning	27	92	65	58	26
Bruk av folkebiblioteket					
Brukar folkebiblioteket	37	85	63	46	618
Brukar ikkje folkebiblioteket	34	83	60	45	708

grad enn dei andre landsdelane, og folk på Austlandet utanom Oslo-regionen er den landsdelen som prioriterer søndagen aller minst. Ein nesten dobbelt så stor del av dei som bur i dei største byane sluttar opp om søndagen i forhold til dei som bur i grisgrendte strøk.

Om lag 10 prosent fleire med innvandrarbakgrunn går inn for søndagsopne bibliotek i forhold til personar utan innvandrarbakgrunn. Studieform og folkebibliotekbruk har derimot knapt innverknad på haldningane til kva dag som passar best.

Hovudfunnet er at dei fleste heller vil ha eit bibliotek som er oppe på ein vanleg vekedag framfor ein søndag. Skilnaden mellom kvinner og menn i dette spørsmålet er ikkje så stor, aldersgrupper og yrkesstatus, derimot, har meir å seie for kva dag ein vel. Landsdel og bustadstrøk gir eit visst utslag, så gjer også innvandrarbakgrunn, medan studieform og folkebibliotekbruk har lite å seie.

5.2. Ulike grupper si prioritering mellom søndag og ein annan vekedag for biblioteksbesøk. Prosent

	Søndag	Annan vekedag	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Alle	20	79	2	100	1 325
Kjønn					
Mann	22	76	2	100	667
Kvinne	17	82	1	100	658
Alder					
12-15 år	20	80	-	100	100
16-24 år	25	73	2	100	198
25-44 år	25	74	1	100	512
45-64 år	15	84	1	100	372
65-79 år	6	90	5	100	143
Sosioøkonomisk status					
Arbeidarar	21	78	1	100	208
Funksjonærar, lågare nivå	12	88	-	100	99
Funksjonærar, høgare nivå	25	74	1	100	436
Sjølvestendige	23	76	1	100	71
Skoleelevar/studentar	24	72	4	100	82
Pensjonistar	9	88	3	100	211
Heimearbeidande	6	89	4	100	47
Landsdel					
Akershus og Oslo	24	74	2	100	246
Austlandet elles	13	86	1	100	371
Agder og Rogaland	23	76	1	100	198
Vestlandet	20	79	1	100	241
Trøndelag	23	75	2	100	126
Nord-Noreg	20	74	6	100	143
Bustadstrøk					
Grisgrendt strøk	15	83	1	100	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	17	82	1	100	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	21	76	3	100	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	28	70	2	100	261
Innvandrarbakgrunn					
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	19	79	2	100	1268
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	28	70	2	100	53
Studieform					
Undervisning ved lærestaden	21	76	2	100	178
Fjernundervisning	23	77	-	100	26
Bruk av folkebiblioteket					
Brukar folkebiblioteket	20	79	1	100	618
Brukar ikkje folkebiblioteket	19	79	3	100	707

6. Folkebiblioteket som gode

6.1. Kor viktig er det at det finst eit godt folkebibliotek i kommunen?

43 prosent av befolkninga synest at det er svært viktig at det er eit godt folkebibliotek i kommunen deira, og ytterlegare 31 prosent synest at det er nokså viktig (tabell 6.1). Til saman legg altså tre av fire vekt på at kommunen har eit godt folkebibliotek. Samstundes er det også ein del som ikkje legg så stor vekt på dette: 17 prosent meiner nemleg at det er mindre viktig med eit godt folkebibliotek, og 9 prosent meiner at det ikkje er viktig i det heile.

Når vi ser på kven som svarar at eit godt folkebibliotek er svært viktig, finn vi at kvinner i større grad enn menn legg stor vekt på eit godt folkebibliotek. Vi ser også at dei eldre legg større vekt på dette enn dei yngre. I forhold til sosioøkonomisk status, er pensjonistane dei som i størst grad synest det er svært viktig med eit godt folkebibliotek, medan skoleelevar og studentar legg mindre vekt på dette.

Personar busett i Oslo og Akershus legg størst vekt på det lokale folkebiblioteket, og personar på Vestlandet og i Nord-Noreg legg minst vekt på dette. Befolkninga i byar på mellom 20 000 og 99 999 innbyggjarar prioriterer i størst grad å ha eit godt folkebibliotek. Både når det gjeld landsdel og bustadstrøk, er likevel skilnadene nokså moderate.

Innvandrarbakgrunn har konsekvensar for kor viktig ein tykkjer biblioteket er. Det er om lag 20 prosent fleire blant personar med innvandrarbakgrunn som svarar "svært viktig" på dette spørsmålet, samanlikna med personar utan innvandrarbakgrunn. Det er knapt skilnad mellom "nær-" og "fjernstudentar" når det gjeld å leggje stor vekt på det lokale folkebiblioteket.

Konklusjonen er at store delar av befolkninga prioriterer i nokså eller svært stor grad å ha eit godt folkebibliotek i kommunen sin. Kvinner, eldre, pensjonistar og innvandrarar synest i til dels i langt større grad enn andre delar av befolkninga at folkebiblioteket er svært viktig. Landsdel og bustadstrøk har mindre å seie for haldnin-

ga til dette spørsmålet, og studieform gir lite utslag på kor mange som synest det er "svært viktig" med eit godt folkebibliotek i kommunen.

6.2. Lite og nært eller stort og sentralt folkebibliotek?

Når befolkninga vert spurt om kva bibliotekstype ho helst vil ha av eit lite og nært bibliotek og eit stort og sentralt bibliotek, vel eit overveldande fleirtal, 79 prosent, det store og sentrale biblioteket.

Det er bortimot ingen skilnad mellom kjønna når det gjeld val av bibliotekstype. Aldersgrupper gir større utslag. Dei fleste mellom 16 og 24 år vel seg eit stort og sentralt bibliotek, medan langt færre av dei aller eldste gjer det same. Dette finn vi att i skilnaden mellom ulike grupper i forhold til sosioøkonomisk status, der ein stor del av skoleelevene og studentane og ein mindre del av pensjonistane vel det store og sentrale biblioteket.

Skilnadene mellom ulike landsdelar og ulike bustadstrøk er forholdsvis små. Vi ser likevel ein liten tendens til at folk på Austlandet utanom Oslo-regionen i noko større grad enn folk på Vestlandet vel eit stort og sentralt bibliotek framfor eit lite og nært. Vi ser også at personar busett i byar på mellom 20 000 og 99 999 innbyggjarar i større grad enn personar busett i grise-grendte strøk og dei største byane vel store og sentrale bibliotek.

Personar med og utan innvandrarbakgrunn vel i like stor grad det store og sentrale biblioteket, og det same gjer ulike typar studentar, både "fjern-" og "nærstudentar".

Hovudtendensen er at befolkninga vil ha eit stort og sentralt bibliotek, og at yngre og skoleelevar og studentar er dei som i aller størst grad ønskjer seg dette. Det er ingen skilnad mellom kvinner og menn, innvandrarar og ikkje-innvandrarar og "nærstudentar" og "fjernstudentar", medan landsdel og bustadstrøk har ein viss innverknad på kva bibliotekstype ein helst vil ha.

6.1. Ulike grupper sitt syn på kor viktig det er at det finst eit godt folkebibliotek i kommunen. Prosent

	Svært viktig	Nokså viktig	Mindre viktig	Ikkje viktig	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Alle	43	31	17	9	0	100	1 326
Kjønn							
Mann	36	32	20	12	0	100	668
Kvinne	51	30	13	6	0	100	658
Alder							
12-15 år	30	53	11	6	-	100	100
16-24 år	30	41	19	9	-	100	198
25-44 år	44	31	19	7	0	100	513
45-64 år	50	23	17	10	0	100	372
65-79 år	53	23	10	14	-	100	143
Sosioøkonomisk status							
Arbeidarar	39	26	22	13	-	100	208
Funksjonærar, lågare nivå	48	26	17	9	-	100	99
Funksjonærar, høgare nivå	47	28	18	7	-	100	437
Sjølvstendige	39	32	20	9	-	100	71
Skoleelevar/studentar	29	51	17	2	-	100	82
Pensjonistar	53	23	11	13	1	100	211
Heimearbeidande	43	43	9	4	2	100	47
Landsdel							
Akershus og Oslo	49	26	17	8	0	100	246
Austlandet elles	46	28	16	10	-	100	371
Agder og Rogaland	42	35	14	9	-	100	198
Vestlandet	37	35	19	9	0	100	241
Trøndelag	44	28	19	9	-	100	127
Nord-Noreg	38	39	16	7	-	100	143
Bustadstrøk							
Grisgrendt strøk	40	32	19	10	-	100	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette ..	41	34	17	8	0	100	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	50	28	13	8	-	100	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	46	28	17	9	0	100	262
Innvandrarbakgrunn							
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	42	32	17	9	0	100	1 269
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	64	21	8	6	2	100	53
Studieform							
Undervisning ved lærestaden	40	38	19	3	-	100	178
Fjernundervisning	39	23	31	8	-	100	26

6.2. Ulike grupper si prioritering mellom eit lite og nært og eit stort og sentralt folkebibliotek. Prosent

	Lite og nært	Stort og sentralt	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Alle	20	79	1	100	1 325
Kjønn					
Mann	19	80	2	100	667
Kvinne	21	78	1	100	658
Alder					
12-15 år	19	81	-	100	100
16-24 år	12	88	-	100	198
25-44 år	18	81	1	100	512
45-64 år	21	78	2	100	372
65-79 år	34	60	6	100	143
Sosioøkonomisk status					
Arbeidarar	22	78	-	100	208
Funksjonærar, lågare nivå	19	80	1	100	99
Funksjonærar, høgare nivå	17	82	1	100	436
Sjølvestendige	13	85	3	100	71
Skoleelevar/studentar	9	92	-	100	82
Pensjonistar	33	64	4	100	211
Heimearbeidande	19	75	6	100	47
Landsdel					
Akershus og Oslo	20	78	2	100	245
Austlandet elles	16	83	1	100	371
Agder og Rogaland	18	80	2	100	198
Vestlandet	26	73	1	100	241
Trøndelag	19	80	1	100	127
Nord-Noreg	22	77	1	100	143
Bustadstrøk					
Grisgrendt strøk	23	75	2	100	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	18	80	2	100	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	15	84	1	100	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	23	76	1	100	261
Innvandrarbakgrunn					
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	20	79	1	100	1 268
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	17	81	2	100	53
Studieform					
Undervisning ved lærestaden	15	85	-	100	178
Fjernundervisning	15	85	-	100	26

7. Vanskar med å komme seg til folkebiblioteket

7.1. Er det vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket?

Det er svært få som har vanskar med å komme seg på biblioteket. Berre ein tidel av befolkninga oppgir at dei har slike problem. Det er ein viss variasjon mellom ulike delar av befolkninga, men skilnadene er ikkje særleg store.

Kvinner har noko større problem med å komme seg til biblioteket enn menn. Når det gjeld alder, er det dei yngste og dei eldste som har størst problem, medan personar i alderen 45-64 år i mindre grad har problem. Dei heimearbeidande er blant dei som har størst problem med å komme til biblioteket, medan svært få blant funksjonærar på lågare nivå har tilsvarende problem.

Av dei ulike landsdelane er det i Nord-Noreg og Trøndelag at flest har problem, i Agder og Rogaland derimot, er det svært få som har slike problem. I grisgrendte strøk er det om lag dobbelt så mange som har problem som i tettbygde strøk med opp til 99 999 innbyggjarar.


Innvandrarbakgrunn og folkebibliotekbruk gir ingen utslag på kor vanskeleg folk synest det er å komme seg til biblioteket. Dei som følgjer undervisning ved lærestaden, gir i noko større grad uttrykk for at det er vanskeleg å komme seg til biblioteket i forhold til "fjernstudentar".

Det viser seg altså at det er svært få som har vanskeleg for å komme seg til folkebiblioteket, men den delen som svarar at det medfører visse problem, er noko større blant kvinner i forhold til menn, større blant unge og eldre i forhold til middelaldrande, større blant heimearbeidande enn andre grupper når det gjeld sosioøkonomisk status og større blant "nærstudentar" i forhold til "fjernstudentar". Nordlendingar, trøndarar og folk busett i grisgrendte strøk synest det er meir problematisk enn andre å komme seg til biblioteket. Innvandrarbakgrunn og folkebibliotekbruk har derimot ingen innverknad på kor vanskeleg ein tykkjer det er å komme seg til folkebiblioteket.

7.1. Prosentdel i ulike grupper som svarar at det er vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket. Prosent

		Talet på personar
Alle	11	1 326
Kjønn		
Mann	9	668
Kvinne	14	658
Alder		
12-15 år	13	100
16-24 år	13	198
25-44 år	11	513
45-64 år	8	372
65-79 år	15	143
Sosioøkonomisk status		
Arbeidarar	8	208
Funksjonærar, lågare nivå	6	99
Funksjonærar, høgare nivå	10	437
Sjølvtendige	14	71
Skoleelevar/studentar	10	82
Pensjonistar	16	211
Heimearbeidande	19	47
Landsdel		
Akershus og Oslo	10	246
Austlandet elles	11	371
Agder og Rogaland	3	198
Vestlandet	11	241
Trøndelag	17	127
Nord-Noreg	18	143
Bustadstrøk		
Grisgrendt strøk	19	314
Tettbygd strøk, 200-19 999 busette	8	500
Tettbygd strøk, 20 000-99 999 busette	8	250
Tettbygd strøk, 100 000 eller fleire busette	12	262
Innvandrarbakgrunn		
Tilhøyrer ikkje innvandrarbefolkninga	11	1 269
Tilhøyrer innvandrarbefolkninga	11	53
Bruk av folkebiblioteket		
Brukar folkebiblioteket	11	618
Brukar ikkje folkebiblioteket	11	708
Studieform		
Undervisning ved lærestaden	13	178
Fjernundervisning	8	26

Figur 7.1. Oversikt over kor stor prosentdel av dei som har oppgitt at dei har vanskar med å komme seg til folkebiblioteket som har peika på følgjande årsaker



7.2. Kva er det som gjer det vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket?

Av dei som har svart at det er vanskeleg å komme seg til folkebiblioteket (tabell 7.1), svarar om lag halvparten at årsaken er at dei har for lita tid og at biblioteket ligg for langt borte (figur 7.1). Om lag 40 prosent peikar på årsaker som at opningstidene passar dårleg og at det offentlege transporttilbodet er dårleg. 18 prosent oppgir at det er ansvar for barn, gamle eller sjuke som gjer det vanskeleg, medan 15 prosent peikar på at det er eigen sjukdom eller uførleik. Svært få, 8 prosent, meiner at det er dårlege parkeringstilhøve som gjer det vanskeleg.

8. Bibliotekbrukarar og andre sin bruk av ulike kulturinstitusjonar og kulturelle aktivitetar

8.1. Tidspunkt for siste besøk i ulike kulturinstitusjonar

Kino

Av befolkninga sett under eitt, har nesten halvparten gått på kino i løpet av dei siste tre månadene (figur 8.1). Av bibliotekbrukarane har 55 prosent vore på kino i denne tidsperioden, mot 38 prosent blant dei som ikkje er bibliotekbrukarar.

Teater

Berre 13 prosent av befolkninga har vore på teater dei siste tre månadene. Bibliotekbrukarar har i noko større grad enn ikkje-brukarar besøkt teateret desse tre månadene, 16 mot 11 prosent.


Konsert

Konsertbesøk dei siste tre månadene har funne stad blant 24 prosent av befolkninga. Når vi ser på bibliotekbrukarar, finn vi at om lag 10 prosent fleire hjå dei har vore på konsert i denne perioden enn blant ikkje-brukarar, 28 mot 20 prosent.

Kunstutstilling

18 prosent i befolkninga generelt har besøkt ei kunstutstilling i løpet av dei siste tre månadene. Det er 10 prosent fleire blant bibliotekbrukarane enn blant andre som har besøkt ein kunstutstilling i dette tidsrommet, 23 mot 13 prosent.

Figur 8.1. Prosentdel av alle og av bibliotekbrukarar og ikkje-brukarar som har besøkt ulike kulturinstitusjonar dei siste tre månadene



Museum

18 prosent i befolkninga har vore på museum i den siste tremånadersperioden, og også her er det fleire blant bibliotekbrukarar enn andre; 24 mot 13 prosent.

Konklusjonen er altså at bibliotekbrukarar i større grad enn ikkje-brukarar gjer seg nytte av ulike kulturinstitusjonar. Skilnaden er størst når det gjeld kinobesøk, og minst når det gjeld teaterbesøk av dei institusjonane vi har kartlagt.

8.2. Tid brukt til ulike kulturaktivitetar

Lese aviser og tidsskrift

88 prosent av befolkninga brukar gjennomsnittleg 15 minuttar eller meir for dagen på å lese aviser eller tidsskrift (figur 8.1). Det er nokre færre blant bibliotekbrukarar enn andre som brukar så mykje tid på denne aktiviteten, 85 mot 90 prosent.

Lese vekeblad og teikneseriar

Ein av fire i befolkninga brukar 15 minuttar eller meir på å lese vekeblad eller teikneseriar for dagen. Det er nokre fleire blant bibliotekbrukarar enn ikkje-brukarar som oppgir dette, 29 mot 22 prosent.

Lese lære- og fagbøker

42 prosent i befolkninga brukar gjennomsnittleg 15 minuttar eller meir på å lese lære- eller fagbøker per dag. Dette prosenttalet er klart høgare blant bibliotekbrukarar enn blant andre, 54 mot 32 prosent. Dette funnet gjenspeglar at vi finn mange unge og skoleelevar og studentar blant bibliotekbrukarane.

Lese romanar o.l.

42 prosent av befolkninga nyttar 15 minuttar eller meir for dagen til å lese romanar. Vi finn ein høgare prosentdel blant bibliotekbrukarane enn blant ikkje-brukarane, 51 mot 34 prosent.


Høyre på musikk

Så mange som 80 prosent av befolkninga brukar 15 minuttar eller meir på å høyre på musikk kvar dag. Her er det liten skilnad mellom bibliotekbrukarar og andre, 82 mot 78 prosent.

Sjå på TV eller video

Nesten alle - 96 prosent - brukar meir enn 15 minuttar kvar dag på å sjå på TV eller video, og dette gjeld uavhengig av om ein er bibliotekbrukar eller ikkje.

Figur 8.2. Prosentdel av alle og av bibliotekbrukarar og ikkje-brukarar som har oppgitt at dei gjennomsnittleg brukar 15 minuttar eller meir på følgjande aktivitetar per dag



Surfe på Internett

Ganske få, 12 prosent, surfar dagleg på Internett i 15 minuttar eller meir. Det er noko fleire blant bibliotekbrukarar enn ikkje-brukarar, 15 mot 10 prosent.

Lese høgt for barn m.m.

16 prosent i befolkninga les for barn i 15 minuttar eller meir kvar dag. Dette talet er noko høgare blant bibliotekbrukarar enn andre, 19 mot 13 prosent.

Hovudfunnet er at svært mange brukar 15 minuttar eller meir for dagen på å sjå på TV eller video, lese aviser eller tidsskrift og høyre på musikk. Bibliotekbrukarane nyttar i større grad enn ikkje-brukarar 15 minuttar eller meir på desse aktivitetane, med unntak av lesing av aviser og tidsskrift. Skilnadene mellom dei to gruppene er likevel små, det er berre når det gjeld lesing av lære- eller fagbøker og lesing av romanar at bibliotekbrukarane i mykje større grad enn andre brukar såpass mykje tid per dag.

9. Barn sin bruk av folkebiblioteket

9.1. I kor stor grad har barn vore på besøk i folkebiblioteket dei siste 12 månadene?

Ifølgje opplysningar frå foreldra, har 62 prosent av alle barn under 12 år besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene. Det er ingen vesentleg skilnad mellom gutar og jenter, men prosentdelen som har besøkt biblioteket stig i takt med alderen. Blant 0-3-åringane har ein tredjedel besøkt biblioteket og blant 4-6-åringane er dette prosenttalet nesten fordobla. Noko av årsaken til det kan vere at ein del i denne aldersgruppa har begynt på skolen, og nyttar biblioteket i denne samanhengen. Av barna i alderen 7 til 9 år har fire av fem besøkt biblioteket. Det er likevel blant dei mellom 10

og 11 år at vi finn dei fleste bibliotekbrukarane: I denne gruppa har heile 94 prosent besøkt biblioteket i løpet av dei siste tolv månadene.

9.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane av barna?

Blant bibliotekbrukarane av barna, har 42 prosent besøkt biblioteket 10 gonger eller meir i løpet av dei siste 12 månadene, etter det foreldra oppgir. Litt over ein tredjedel har vore på biblioteket mellom tre og ni gonger, og eitt av fem barn har berre vore ein eller to gonger på biblioteket.

Når vi ser på dei barna som har besøkt biblioteket ti gonger eller meir, ser vi at det er ein viktig skilnad mellom gutar og jenter. Det er berre ein tredjedel av gutane som har besøkt biblioteket så hyppig, mot halvparten av jentene.

Av ulike aldersgrupper blant barna, ser vi at det er i aldersgruppa 10-11 år at vi finn den største prosentdelen som har besøkt biblioteket 10 gonger eller meir (55 prosent), deretter i aldersgruppa 0-3 år (40 prosent). Vi finn færre hyppige bibliotekbrukarar blant 4-6-åringane (35 prosent) og 7-9-åringane (38 prosent). Det er likevel viktig å vere klar over at det knyter seg ein del usikre faktorar til desse tala, då dei er baserte på opplysningar frå foreldra, som kanskje ikkje alltid har full oversikt over barna sine besøk på folkebiblioteket i løpet av skoledagen, til dømes.

9.1. Prosentdel av barn under 12 år som har besøkt folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene

		Talet på personar
Alle	62	331
Kjønn		
Gut	64	177
Jente	60	154
Alder		
0-3 år	35	119
4-6 år	63	76
7-9 år	79	84
10-11 år	94	52

9.2. Talet på besøk på folkebiblioteket dei siste 12 månadene blant bibliotekbrukarane av barna under 12 år. Prosent

	1-2 gonger	3-5 gonger	6-9 gonger	10-39 gonger	40 gonger eller meir	Veit ikkje	I alt	Talet på personar
Alle	22	19	16	35	7	2	100	205
Kjønn								
Gut	26	23	14	29	5	3	100	113
Jente	19	13	17	41	10	-	100	92
Alder								
0-3 år	33	21	5	33	7	-	100	42
4-6 år	21	17	23	31	4	4	100	48
7-9 år	24	18	18	30	8	2	100	66
10-11 år	12	18	14	45	10	-	100	49

10. Korleis har bibliotekbruken endra seg frå 1988?

Undersøkinga om bruk av folkebibliotek i 1988 vart gjennomført som ei sjølvadministrert postal undersøking, medan 1998-undersøkinga vart gjennomført som ei intervjuundersøking. Mange av spørsmåla er stilt på om lag same måte, slik at det skulle vere mogleg å samanlikne nokre av tendensane i materialet frå 1988 med 1998.

10.1. Tidspunkt for siste bibliotekbesøk

Tala frå 1998 og 1988 viser ein overraskande stabilitet i befolkninga når det gjeld tid sidan siste bibliotekbesøk. I 1998 har 33 prosent av befolkninga besøkt biblioteket i løpet av dei tre siste månadene - i 1988 gjorde 30 prosent det same. Ein prosentdel på 47 har besøkt biblioteket i løpet av dei siste 12 månadene i 1998 - i 1988 gjorde 45 prosent det same. Det einaste punktet der vi ser ei lita endring, er blant dei som har oppgitt at dei aldri har besøkt biblioteket. Denne delen er redusert frå 14 prosent i 1988 til 6 prosent i 1998.

Vi ser knapt endringar i besøksmønsteret til menn versus kvinner i løpet av det siste tiåret, no som før er det kvinner som i størst grad har besøkt biblioteket i løpet av dei tre siste månadene. Delen av kvinner som har gjort det, har likevel auka noko, frå 35 til 40 prosent.

Den einaste aldersgruppa der vi kan påvise ei lita endring, er hjå dei mellom 65-79 år: Prosentdelen av dei som har besøkt biblioteket for eitt til tre år sidan, har auka frå 6 til 13 prosent, medan delen som aldri har besøkt biblioteket, har vorte redusert frå 31 til 16 prosent. Det er likevel mogleg at aldersgrupperinga, som i 1988 gjekk frå 65-80 år og no går frå 65-79 år, har ein viss innverknad på resultatet her.

10.2. Hyppige eller sjeldne bibliotekbesøk blant bibliotekbrukarane?

Også når det gjeld talet på besøk på folkebiblioteket blant bibliotekbrukarane, ser vi knapt endringar frå 1988 til 1998. 1998 ser vi at 32 prosent av brukarane har besøkt biblioteket så ofte som 10 gonger eller meir, og i 1988 var denne prosentdelen på 31 prosent.

Mannlege og kvinnelege bibliotekbrukarar går om lag like ofte på biblioteket, og her er tendensen den same både for 1988 og 1998. Vi finn heller ingen signifikante skilnader mellom ulike aldersgrupper når det gjeld talet på bibliotekbesøk.

10.3. Bibliotekbrukarane sine haldningar til ulike påstandar om folkebiblioteket

